

Internrevisjonen

SIKRING AV GODE IKT-ANSKAFFINGAR

Helse Vest, juni 2018



OPPSUMMERING

Formålet med revisjonsprosjektet har vore å undersøkje kva prosessar Helse Vest har etablert for å sikre gode anskaffingar og god implementering av IKT-system. Formålet er operasjonalisert i høve til å vurdere strategiar for å inngå kontraktar på IKT-området, undersøkje i kva grad helseføretaka planlegg og realiserer potensialet for gevinstar, samt kartlegge kva system Helse Vest har for å identifisere og handtere risiko knytt til misleghald, korruption, sosial dumping, og brot på reglar om etisk handel på IKT-feltet.

Metodisk har vi intervjua informantar i ulike roller i det regionale helseføretaket, i Helse Bergen HF, i Helse Stavanger HF, i Helse Vest IKT AS, samt Sykehusinnkjøp HF. Internrevisjonen har vurdert Helse Vest sine dokument og rutinar på området, samt kartlagt og vurdert to anskaffingar opp i mot etterleving av eigne rutinar.

Vår **hovudkonklusjon** er at porteføljestyringsprosessen – som er den sentrale prosessen for anskaffing av IKT system – står fram som god slik den er skildra og teikna. Opp i mot strategi og gevinstar ved anskaffing har ein prosessar og rutinar for alle sentrale aktivitetar og innhald slik som tilrådd i god praksis. Dette gjev rom for å etablere ulike strategiar for anskaffingar som er tilpassa det behovet som skal dekkast og den eksisterande leverandørmarknaden.

I oppsummering er svara på hovudproblemstillingane slik:

Hovudproblemstilling: Korleis gjennomfører Helse Vest sine IKT-anskaffingar sett opp mot interne retningsliner og offentlege krav

- Porteføljeprosessen legg føringar for korleis IKT-anskaffingar skal bli gjennomført. Den har prosessar for alle sentrale aktivitetar og innhald slik som tilrådd i god praksis. Det er vår vurdering at prosessen gjev rom for ulike former for anskaffing og strategiar som er tilpassa det behovet som skal dekkast gjennom anskaffing, og den eksisterande leverandørmarknaden for dette.
- Vi vurderer prosessen som god, samstundes som det er rom for noko forbetring knytt til klargjering av krav og ansvar i høve til kost-nytte vurderingar og ansvar for planlegging av gevinstarbeidet.

Problemstilling: Korleis vurderer og realiserer Helse Vest potensialet for gevinstar av sine IKT-anskaffingar?

- Arbeidet med gevinstrealisering er innbakt som del av porteføljestyringsprosessen. Det er i tråd med god praksis. Helse Vest har også eit eige rammeverk for korleis ein skal planlegge for og jobbe med gevinstrealisering, undervegs i anskaffing og under innføring. Rammeverk og rutinar er etter vår vurdering innhaldsmessig godt, men det er samstundes omfattande.
- Dei undersøkte anskaffingane har i monaleg grad ikkje har etterlevd eigne rutinar. Årsakene til dette er ikkje eintydige, men det vert peika på at det er ressurskrevjande å fullt ut ta i vare rutinane. Det er vår vurdering at det kan det være tenleg å klargjere rutinane for planlegging av gevinstar, samt at det kan bli gjort mogleg å tilpasse gevinstarbeidet den einskilde anskaffing.


- I forlenginga av denne problemstillinga, observerer vi og at det vert jobba med gevinstrealisering på andre områder i helseregionen, til dømes innanfor bygg og medisinsk teknisk utstyr. Ideelt sett ville helseregionen kunne ha eit regionalt fokus på gevinstrealisering og vi rår til at moglegheiter for synergiar på dette vert undersøkt.

Problemstilling: Kva system har Helse Vest for å identifisere og handtere risiko knytt til misleghald, korruption, sosial dumping, og brot på reglar om etisk handel på IKT-feltet?

- Gjennom to anskaffingar observerer revisjonen at ein har ein praksis for førebyggjande tiltak i høve til misleghald. Praksisen er i mindre grad nedfelt i rutinar og det er vår vurdering at roller, ansvar og oppgåver, medrekna stikkprøvekontrollar, kan formaliserast ved rutinar inn i porteføljestyringsprosessen.

Tilrådingar:

1. For IKT anskaffingar bør det ein i porteføljestyringsprosessen ta inn krav om å gjennomføre oppdaterte kost-nytte vurderingar i etterkant av forprosjektutgreiinga.
2. Rutinane for planlegging av gevinstar i porteføljestyringsprosessen og i Helse Vest sitt rammeverk for gevinstplanlegging bør bli samstemt seg i mellom.
3. Rutinar knytt til førebygging av misleghald bør formaliserast inn i porteføljestyringsprosessen.
4. I rutinane som er del av porteføljestyringsprosessen bør det bli gitt mogleighet for at det einskilde anskaffingsprosjekt kan ta stilling til kva omfang og innretting gevinstplanarbeidet skal ha.
5. Helse Vest bør utgreie moglegheiter og moglege innrettingar for å hente synergiar på tvers av område når det gjeld planlegging og oppfølging av gevinstrealisering.



INNHOLD

| | | |
|----------|--|-----------|
| 1 | Innledning | 7 |
| 1.1 | Formål og problemstillingar | 7 |
| 1.2 | Revisjonskriterium og metode | 7 |
| 1.3 | Avgrensingar | 8 |
| 2 | Fakta | 9 |
| 2.1 | Kort om rutinar for IKT anskaffingar | 9 |
| 2.2 | Konkurranse- og kontraktsstrategiar i IKT-anskaffingar | 10 |
| 2.2.1 | <i>Rutinar</i> | 10 |
| 2.2.2 | <i>Erfaringar</i> | 13 |
| 2.2.3 | <i>Gjennomført konkurranse</i> | 14 |
| 2.3 | Arbeid med gevinstar i IKT-anskaffingar | 17 |
| 2.3.1 | <i>Rutinar</i> | 17 |
| 2.3.2 | <i>Arbeidet med gevinstar - erfaringar og synspunkt</i> | 20 |
| 2.3.3 | <i>Gjennomførte konkurransar – arbeid med gevinstar</i> | 20 |
| 2.4 | Handtering av risiko knytt til misleghald | 26 |
| 2.4.1 | <i>Rutinar</i> | 26 |
| 2.4.2 | <i>Gjennomført konkurranse – handtering av risiko for misleghald</i> | 26 |
| 3 | Vurderinger og tilrådingar | 28 |
| 3.1 | Konkurranse- og kontraktsstrategi | 28 |
| 3.2 | Gevinstarbeid | 30 |
| 3.3 | Risiko knytt til misleghald | 33 |
| 3.4 | Tilrådingar | 33 |
| 4 | Vedlegg | 35 |
| 4.1 | Om internrevisjon | 36 |
| 4.2 | Metode | 36 |
| 4.3 | Revisjonskriterium | 37 |
| 4.4 | Døme frå prosjekt | 46 |

1 INNLEDNING

1.1 Formål og problemstillingar

Formålet med revisjonen har vore å undersøke kva prosessar Helse Vest har etablert for å sikre gode anskaffingar og god implementering av IKT-system.

Prosjektet har primært hatt som utgangspunkt å vurdere strategiar og metodar for å inngå kontraktar på IKT-området. Ein har i gjennomføringa av dette punktet søkt ei tilnærming ikkje som eit konsulent- eller rådgjevingsoppdrag, men som eit revisjonsprosjekt. Sjå elles avsnittet om avgrensingar på neste side. I revisjonen har vi òg hatt som tilnærming å undersøkje i kva grad helseføretaka vurderer og realiserer potensialet for gevinstar. Ein valde i dette revisjonsoppdraget å legge inn eit litt anna element, nemlig å kartlegge kva system Helse Vest har for å identifisere og handtere risiko knytt til misleghald, korrupsjon, sosial dumping, og brot på reglar om etisk handel på IKT-feltet.

Mandat for gjennomføring av prosjektet vart behandla av revisjonsutvalet i møte 20.06.2017. Følgjande hovudproblemstillingar vart formulerte:

- Korleis gjennomfører Helse Vest sine IKT-anskaffingar sett opp mot interne retningsliner og offentlege krav?
- Korleis vurderer og realiserer Helse Vest potensialet for gevinstar av sine IKT-anskaffingar?
- Kva system har Helse Vest for å identifisere og handtere risiko knytt til misleghald, korrupsjon, sosial dumping, og brot på reglar om etisk handel på IKT-feltet?

1.2 Revisjonskriterium og metode

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vert brukt for å vurdere funna i undersøkingane. Revisjonskriterium skal vere grunna i, eller utleia av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området, til dømes lovverk og politiske vedtak. I dette prosjektet er følgjande kriteriegrunnlag anvendt:

- Prosjektveiviseren: Prosjektveiviseren er Difi sin tilrådde prosjektmodell for styring av digitaliseringsprosjekt i offentlege verksemder – www.prosjektveiviseren.no
- Rammeverk for gevinstplanlegging og realisering. Rapport, Helse Vest, mai 2016¹
- Veileder: Gevinstrealisering – planlegging for å hente ut gevinstar av offentlige prosjekter – DFØ 2014²
- Porteføljestyringsprosessen i Helse Vest RHF.

Metodisk er det nytta intervju og dokumentgranskning. Ei nærmare omtale av kriterium, metode og kjelder ligg i rapporten sine [vedlegg](#). Vår samla vurdering er at metodebruk og kjeldetilfang har gitt eit tilstrekkeleg grunnlag til å svare på prosjektets formål og problemstillingar.

¹ Denne rapporten oppsummerar rammeverket for gevinstrealisering og endringsledelse frå 2009 og seinare videreutvikling av dette rammeverket. Gevinstrealisering er integrert i porteføljestyringsprosessen i Helse vest.

² Opphavleg versjon frå 2010

1.3 Avgrensingar

Planlegging og gjennomføring av IKT anskaffing er svært ofte ein omfattande prosess. Det er mange aktørar involvert og det er ofte mange interesser til dei einskilde anskaffingane. I tillegg ligg det føre eit omfattande lov- og forskriftsverk. Denne internrevisjonen er avgrensa til å omhandle utvalde element ved IKT-anskaffingar; konkurranse- og kontraktsstrategi, planlegging for gevinstrealisering, samt handtering av risiko for misleghald.

Internrevisjonen er vidare avgrensa til å omhandle prosessane for planlegging av IKT-anskaffing og gjennomføring av sjølve anskaffinga. Innhaldet og kvaliteten i tilbod og tilbodsevalueringar har ikkje vore vurdert. Innføring av anskaffa IKT komponentar/programvare har heller ikkje vore vurdert.

2 FAKTA

Nedanfor vert faktagrunnlaget skildra. Kapittelet er sentrert kring problemstillingane og er bygd opp slik:

- Kap. 2.1 - kort om rutinane i Helse Vest for gjennomføring av IKT anskaffingar
- Kap. 2.2 – om korleis Helse Vest jobbar med konkurranse- og kontraktsstrategiar i IKT anskaffingar
- Kap 2.3 – om korleis Helse Vest jobbar med gevinstar i IKT anskaffingar
- Kap 2.4 – om korleis Helse Vest jobbar med å identifisere og handtere risiko for mislighald i IKT anskaffingar

Delkapitla er bygd opp med underpunkt knytt til eigne rutinar, innhenta erfaringar og døme frå utvalde anskaffingar, *Kule* og *Vel møtt*.

2.1 Kort om rutinar for IKT anskaffingar


Det sentrale rutinedokumentet for Helse Vest sine IKT anskaffingar er "Porteføljestyrysprosessen i Helse Vest". Denne ligg på Helse Vest sin intranettportal og syner ein prosess som spenner over fem hovudfasar som har som formål å sikre at dei "rette" prosjekta vert valt og at desse vert gjennomført på ein god måte med dei ynskja effektane. Det er Porteføljestyret som eig prosessen (på tidspunktet for internrevisjon) og som saman med porteføljestyrethar det overordna ansvaret for å ta i vare prosessen³.

I porteføljestyrysprosessen vert det synt til ein felles prosjektmetodikk som skal bli følgt og denne er basert på DIFI sin "Prosjektveiviseren". I intervju vert det vidare opplyst at Helse Vest utdannar prosjektleiarar på prosjektstyringsverktøy, men at det er Prosjektveiviseren som "ligg i bunn".

Når det gjeld arbeid med gevinstrealisering har Helse Vest utvikla eit eiga rammeverk for gevinstplanlegging og realisering som er utdjupingar og detaljering av gevinstarbeidet som ligg i porteføljestyrysprosessen. Illustrert ser porteføljeprosessen med fasar slik ut⁴:

³ Porteføljestyret har møte kvar månad og består av direktørane i RHF-et og AD-ane i HF-ane. I Helse Vest sin styresak 062/18 vart det vedtak på at Porteføljekontoret fra og med 1.6.2018 vert organisatorisk plassert hjå Helse Vest IKT. Kontoret var på revisjonstidspunktet organisatorisk plassert i Helse Vest RHF.

⁴ Avgjerslepunkt i prosessen ligg som B0, B1 og så vidare



Denne rapporten omhandlar dei fire første fasane slik dei er illustrert ovanfor; linje, porteføljestyring, utredning og til og med gjennomføring under program- og prosjektstyring. Dette inneber at revisjonen fokuserer på planlegging og utgreiing av anskaffing, avgjersle om anskaffing og gjennomføring av anskaffing. Innføring av det kjøpte produkt er ikkje del av revisjonen.

2.2 Konkurranse- og kontraktsstrategiar i IKT-anskaffingar

Nedanfor vert fakta knytt til konkurranse- og kontraktsstrategiar presentert. Fyrst gjennom ei skildring av eksisterande rutinar som i skildringa er prosessuelt delt i *tidlege fasar* og *avgjersle om prosjekt og gjennomføring*. Dernest følger ei skildring av brukarar sine generelle erfaringar og til slutt ei skildring av kva som vart gjort opp i mot strategi i ei gjennomført anskaffing, Kule.

Kva inneber så å etablere ein konkurranse- og kontraktstrategi i ei anskaffing? Som skildra i vedlegg 4.3 (revisjonskriterium) er ein konkurransestrategi dokumentasjon av alle vesentlege vurderingar og avgjersler som legg rammene for den praktiske gjennomføringa av ein konkurranse. Dette inkluderer mellom anna formål, kost-nytte vurderingar, vurdering av marknadssituasjon, usikkerheitsvurderingar, budsjett, val av prosedyre for anskaffing og kontraktsvilkår.

Ein kontraktsstrategi skal skildre korleis ein sikrar konkurranse, korleis ein fordel oppgåver, ansvar og usikkerhet og kva verkemiddel som bør vere etablert for å understøtte styring i gjennomføringa av anskaffinga.

2.2.1 Rutinar

Tidlege fasar

Av eigne rutinar går det fram at "det kan være en eller flere gjennomføringsfasar i et prosjekt/program, avhengig av type, størrelse, kompleksitet, usikkerhet osv. Type prosjekt og størrelsen på prosjektet/programmet vil legge føringer for hvordan gjennomføringsfasen(e) ser ut".

Ser ein så til rutinane for korleis anskaffingsprosjekt skal bli planlagt og etablert, startar dette ut i linja med ein idé eller eit behov og det er opp til linja å vurdere om det skal nyttast tid og ressursar for å vidareutvikle ideen eller behovet til ein prosjektkandidat for porteføljeprosessen. For regionale interesser/behov skal initiativet koordinerast på tvers av føretaksgruppa og avgjersle kan fattast av Programstyret, Foretaket, Helse Vest IKT eller De Private Ideelle.

I høve til strategi, skal det i denne fasen bli kartlagt og vurdert kva behov som skal dekkjast, kva mål det eventuelle prosjektet kan ha og kva endringar som skal bli nådd. Dette skal og vere grunnlag for å kunne ta stilling til omfang på eventuelle omstillingskostnadene.

Prosjektkandidatar kan vere av tre ulike typar; konseptutgreiing, forprosjekt eller prosjekt. Rutinane set for alle tre typar krav til utgreiing av sentrale element i ein kontraktsstrategi, til dømes formål, behov og kost-nytteanalysar.

Kandidatar til konseptutgreiingar og forprosjekt vert foreslått av linja. Porteføljekontoret analyserar, kvalitetssikrar og vurderar kandidatar og gir innstilling til Teknologirådet som besluttar (delegeret mynde frå Porteføljestyret).

I porteføljeprosessen ligg det utfyllande skildring av kva som skal bli fokusert i konsept- og forprosjekt (i tillegg til det som ligg i prosjektveiviseren), mellom anna:

"I konseptfasen skal det fokuseres på en metodisk tilnærming til å frembringe et mulighetsbilde i forhold til definert behov. Gjennom konseptvurderingen utredes ulike konsepter for å oppnå de overordnede målsetningene. For alle alternative konsepter som kan komme til å omfatte en eller flere anskaffelser er det viktig at fagmiljøet for anskaffelser involveres tilstrekkelig allerede i denne fasen."

Forprosjektfasen skal "...sikre at virksomheten har god forståelse for arbeidet som kreves for å gjennomføre hovedprosjektet, før en forplikter seg til en betydelig investering. Dette skal gjøres ved å vidareutvikle (detaljere) valgt konsept og utarbeide veikart, implementerings-/migreringsplan, samt lage prosjektkandidat (eller i noen tilfeller utkast til direktiv) for et "hovedprosjekt", inkludert ressursbehov kvalitetssikret kost/nytte-analyse og plan for gevinstrealisering."

Krava til kva som skal bli utgreia i konsept og forprosjekt er sentrale for å kunne pensle ut ein konkurranse- og kontraktsstrategi, til dømes utgreiing av interessentar, ressursforbruk / kostnadsbilete, handtering av usikkerheit, plan for gjennomføring og kost-nytte analysar. Etter gjennomgang av rutinar, observerer internrevisjonen at det ikkje ligg føringar til korleis kost-nytte analysar skal bli gjennomført, heller ikkje føringar på om og korleis risiko i høve til kost-nytte skal bli vurdert. Dette kan vere særlig aktuelt der utgreiingsprosessen går over lengre tid, noko som endrar biletet for risiko og kost-nytte til dømes i høve til teknologi og leverandørmarknad. Dette vert nærmare vurdert i kapittel 3.

Avgjersle om prosjekt og gjennomføring

Etter konsept- og/eller forprosjekt er det regionalt porteføljekontor som kvalitetssikrar kandidatar. Kandidatane vert vekta og scora i høve til tre kriterium, kriterium som er relevante også opp i mot kontraktstrategi:

- Strategisk forankring (40%)
- Kost-nytte og kvalitet (40%)
- Risiko (20%).

Desse kriteria gjev grunnlag for vurderinga om igangsetting av prosjekt eller ikkje, eventuelt etablering av program / om prosjektet skal inngå i eit etablert program. Det er porteføljestyret som fattar endelig avgjersle, etter innstilling frå porteføljekontoret⁵. Den totale porteføljen vert prioritert og balansert to gonger i året, irekna òg vurderingar knytt til om pågåande prosjekt /program skal stoggast.

Etter vedtak om igangsetting startar gjennomføringa av prosjektet. Det er prosjekteigar som etablerer prosjektleiing og styringsgruppe og der er Helse Vest IKT som oftast tek ivare prosjektleiing, enten ved eigne tilsette eller ved innleigde⁶. For gjennomføringa ligg det føre prosesskildringar for etablering, gjennomføring og avslutning av prosjekt. For planlegging og etablering av prosjekt inngår mellom anna krav om⁷:

- Eit kvalitetssikra og godkjent prosjektdirektiv/ programdirektiv (i høve til godkjent mal)
- ROS analyse
- Etablering av styringsgruppe/programstyre
- Prosjektleiar og kjerneressursar er allokerert
- Økonomisk ramme
- Det skal vere tatt høgde for bruk av smidige metodar ut i frå type prosjekt

Kva som er smidige metodar vil kunne bli endra undervegs i planlegginga og etableringa i eit prosjekt. Dette som følgje av til dømes endra teknologi, endra behovsutvikling, endra produktutvikling. Det vil vere sentralt at eit prosjekt tek høgde for at smidige metodar / konkurransestrategi vil kunne bli endra undervegs i planlegginga og etableringa av prosjekt.

Porteføljekontoret opplyser at ein i tillegg til eigne rutinar nyttar Prosjektveiviseren. Av tilrådingane i Prosjektveiviseren går fram at ein i prosjekt må skildre kva strategiar som er tenkt nyttia i anskaffinga, vurderingar og avgjersler som legg rammer for praktisk gjennomføring av anskaffing, samt skildre korleis ein planlegg konkurranse, fordeling av oppgåver, roller og ansvar og kva verkemiddel som er tenlege for styring i gjennomføringsfasen. Dette er moment som skal inngå i prosjektdirektivet med underlag. Helse Vest har eigen mal for prosjektdirektiv utan at konkurransestrategi ligg der som eit eksplisitt punkt.

Eigne rutinar i porteføljestyringsprosessen inneber at ein mot slutten av kvar av dei underliggende fasane i sjølve gjennomføringa (etablere, gjennomføre, avslutte) skal prosjekt/programleiar sikre at styringsgruppa / programstyret får tilstrekkeleg informasjon slik at dei kan evaluere den aktuelle fasen, og at alle leveransar er ferdigstilt og godkjent. Vi finn ikkje at det ligg eksplisitte krav til fortløpende risikovurdering i gjennomføringa.

Etter gjennomført konkurranse skal kontrakt med leverandør signerast. Helse Vest IKT opplyser at dei signerar alle kontraktar med leverandørar. Porteføljestyringsprosessen har ikkje eksplisitte krav knytt til kva type kontrakt som skal nyttast i anskaffingar eller kva som skal inngå i ein kontrakt. Det er praksis for at Helse Vest IKT nyttar SSA avtaleverket⁸.

⁵ I tillegg skal porteføljekontoret prioritere og balansere den totale porteføljen av prosjekt i høve til strategiske føringer/planar, evne til gjennomføring og risiko.

⁶ Frå Helse Vest RHF vert det og opplyst at helseføretaka har eigen prosjektleiar som er tilsett "i lina".

⁷ Frå porteføljeprosessen, avgjerslegrunnlag til punkt 4 – etablering av prosjekt

⁸ Statens Standardavtaler (SSA) er kontraktsmaler for kjøp av IT og konsulenttjenester, med unntak for kjøp av rådgivningstjenester innen bygg- og anlegg. SSA-ene er utarbeidet av Difi med innspill fra både kunde- og leverandørsiden og er gratis å bruke.

I samband med avslutning av prosjekt, skal styringsgruppe og programstyre ta stilling til om leveransar er i høve til plan. I avgjerslegrunnlaget ligg det krav til oppdaterte risikovurderingar, saman med mellom anna:

- Utkast til sluttrapport
- Gevinstrealiseringssplan med dokumentasjon av målingar
- Status for tiltak i ROS analyse

Kort oppsummering av observasjonar:

Som skildra gjev dei eksisterande rutinane rom for ulike kontrakts- og gjennomføringsstrategiar. Gjennomføring av prosjekt heng tett saman med vald kontraktsstrategi og vald strategi skal gå fram av prosjektet sin styringsdokumentasjon. For porteføljeprosessen er det prosjektdirektivet.

Det ligg krav til risiko og kost-nytte analyser i anskaffingsprosessen, men ikkje detaljerte krav på når og korleis desse skal gjennomførast. Dette vert nærmare omtalt i kapittel 3.

2.2.2 Erfaringar

Ovanfor er prosess og rutinar for prosjektgjennomføring med fokus på konkurranse og kontraktstrategi kort skildra. Nedanfor vert ulike erfaringar og synspunkt på prosessane for IKT anskaffingar i helseregionen summarisk presentert.

Det er Helse Vest IKT som har ansvar for at kontraktar etter anskaffingsprosessen blir signert og det er føretaket som syt for gjennomføringa av anskaffinga. Føretaket opplyser at dei køyrer parallelle prosjekt og at ein for tida har ein 5-10 innleidde prosjektleiarar. I tillegg har ein i eiga avdeling omlag 30 prosjektleiarar tilsett.

Helse Vest IKT har fokus på å følje regelverket og å få til ei god kontrakt. Dei sit med ansvaret for at kontrakten vert signert, men er og involvert i kontraktsoppfølginga. Det er alltid AD som signerer kontrakt⁹ og som lagar alle endringsordrar uansett storleik, og det er Helse Vest IKT som eig anskaffa løysingar.

Helse Vest RHF oppfattar at det ligg fleksibilitet i prosessar og moglege kontraktstrategiar. Samstundes jobbar ein med å forbetre innovative anskaffingar, der igjennom å ikkje ha for mykje fokus på kva ein tidlegare har gjort for så å gjere det same igjen. Porteføljestyret prioriterer prosjekt, og det på eit tidlig stadium i prosessen. Helse Vest RHF vurderer at reint konkret kjem kontraktstrategien noko seinare, ved sjølve gjennomføringa og det er prosjekteigar som har ansvar for denne; til dømes fagdirektør som vil ha eit ansvar for å konkretisere konkurransestrategien. Helse Vest IKT opplyser og å vere sentral i arbeidet med val av prosedyre for anskaffing og utarbeiding av kontraktsstrategi.

Helse Stavanger opplev at porteføljestyringa fungerer i høve til etablerte rutinar og at prosessane vert opplevd som gode. Ein ser og at det er forskjellar i anskaffingsstrategiar, til

⁹ Vi forstår det slik at ved anskaffing av Libra var signatur delegert til annan medarbeidar i Helse Vest IKT.

dømes mellom LIBRA og HELIKS, noko som er positivt. Samstundes stiller ein seg spørsmål om det er tilhøve som kan bevisstgjerast ytterligare for eventuelt å kunne forbetre prosessane, mellom anna i høve til:

- Felles agenda for involverte partar på kva som driv fram eit prosjekt; tid, kvalitet og/eller økonomi.
- Fokus på rett balanse mellom testing/pilotering versus utvikling.
- Regionalt fokus og involvering av HF-ane på testing og pilotering
- Involvering av HF-a i gjennomføringsfasen av anskaffing i høve til kva produkt ein får og om det står det i høve til kostnaden, spesielt der det oppstår endringar og forseinkinger.

Helse Vest IKT har ei mening om at det skal vere mogleg å kjøpa eit produkt og at ein ikkje skal drive utvikling. Samstundes er det ei utfordring knytt til graden av ferdigstilling hjå produktet... "om vi ikkje er kjend med at det kan anskaffast eit produkt, då går me sjeldan ut i marknaden. Det er og ei utfordring at marknaden er global, skulle ønskt at det kom opp ein klarare og tydelegare nordisk marknad. Helse Bergen HF peiker på erfaringar knytt til Kule og Vel møtt kor ein har måtta konfigurere mykje før bruk.

Frå samtalar med RHF-et vert det peika på at det ikkje er lagt inn eksplisitte krav til realistiske og oppdaterte kost-nytte vurderingar ved kvart avgjerslepunkt i porteføljeprosessen, ut over oppstarta av prosjekt og ei summarisk gjennomgang ved avslutning.

Helse Bergen opplyser at det er HF-a som er databehandlingsansvarlige og at dei ikkje ser kontraktane, men at dei er trygg på at Helse Vest IKT tek i vare deira interesser og ansvar. Helse Vest IKT opplyser at dei har praksis for å nytte SSA¹⁰ avtalen og at det i porteføljestyringsprosessen ikkje er eksplisitte krav til kva type kontrakt som skal nyttast i anskaffingar. Helse Vest IKT peikar på at bruken av DIFI sine standardavtalar er eit val som er gjort utifrå kor viktig det er å kunne følge opp kontraktar basert på eit fundament der det er eigna rettspraksis og der avtalane er balansert etter dialog mellom aktørane. Bruken av rett versjon av DIFI sine standardavtaler er då med på å gje ein tenleg kontraktstrategi. Samstundes vurderer ein at det vil vere viktig å kunne bidra til vidareutvikling av SSA avtalane. Helse Vest RHF opplyser at ein har praksis for å inngå fastpriskontraktar, noko som gjev risiko der innhaldet i det som vert kjøpt kan vere usikkert.

Det vert og peika på frå RHF-et at den kommersielle¹¹ delen av anskaffing er viktig – i tillegg til den teknologiske delen - både i forhandling og i avtalar. Det vert vidare opplyst at ein ynskjer å jobbe med Nasjonal IKT for å sjå på modernisering av avtaleverket, dette då i samarbeid med Difi.

2.2.3 Gjennomført konkurranse

Nedanfor vert ein gjennomført anskaffing, Kule, skildra opp i mot elementa for kontrakts- og konkurransestrategi.

¹⁰ Statens Standardavtaler (SSA) er kontraktsmaler for kjøp av IT og konsulenttjenester, med unntak for kjøp av rådgivningstjenester innen bygg- og anlegg. SSA-ene er utarbeidet av Difi med innspill fra både kunde- og leverandørsiden og er gratis å bruke.

11 Dette kan til dømes vere økonomiske tilhøve

Kule (kurve og legemiddelogistikkøysingar) er del av HELIKS programmet og prosjektet anskaffa Meona som kurve og legemiddelogistikkløysing for Helse Vest¹². Leverandør er Baxter AS. Kontrakten for Kule vart inngått og signert 21.11.14. Leveringsfrist for tilbod var 7.5.14. Anskaffinga vart gjennomført som konkurranseprega dialog.

Frå prosjektleiinga vert oppdaterte prosjektkostnadene, etter tildeling, opplyst å vere:

| | 2013 | 2014 | Totalt |
|-------------|-----------|-----------|------------|
| Budsjettert | 9 083 001 | 6 552 920 | 15 635 921 |
| Forbrukt | 7 975 679 | 7 334 428 | 15 310 107 |
| Avvik | 1 107 322 | -781 508 | 325 814 |

Totalpris for produktet inkludert vedlikehald og innføring av løysingar er rekna å ligge i storleik 194 MNOK¹³.

Om prosess og strategi

Som skildra ovanfor ligg det i ein konkuransestrategi å dokumentere alle vesentlege vurderingar og avgjersler som legg rammene for den praktiske gjennomføringa av ein konkurranse. Dette inkluderer mellom anna formål, kost-nytte vurderingar, vurdering av marknadssituasjon, usikkerheitsvurderingar, budsjett, val av prosedyre for anskaffing og kontraktsvilkår.

Ein kontraktsstrategi skal skildre korleis ein sikrar konkurranse, korleis ein fordel oppgåver, ansvar og usikkerheit og kva verkemiddel som bør vere etablert for å understøtte styring i gjennomføringa av anskaffinga.

For dei innleiande fasane i Kuleprosjektet observerer internrevisjonen at ein har utgreia og handsama sentrale område i høve til kontraktsstrategi. Det er utarbeidd tre prosjektrapportar¹⁴ og ein forprosjektrapport, LOP4¹⁵. Det er og utarbeid prosjektdirektiv¹⁶ for gjennomføring av konkuransen.

Direktivet og forprosjektrapporten skildrar og gjev vurderingar opp i mot føremål og mål, det ligg oppsummeringar av gjennomført interessenanalyse og usikkerheitsanalysar, budsjett er utarbeidd og det er gjort vurderingar av konkurranseform, konkuransereglar, kontraktsvilkår, krav til deltaking i konkurranse og tildelingskriterier. Det er og innarbeid plan for vurdering og samordning av verksamhetsarkitektur.

I sjølve prosjektdirektivet, utarbeidd i forkant av anskaffinga, er mellom anna prosjektorganiseringa med roller og ansvar, samt involvering av interessenter skildra. ROS

¹² I tillegg til anskaffing av kurve- og legemiddelogistikkløysing vart det også utlyst konkurranse om anskaffing av elektronisk legemiddelkabinett. Her vart det lyft ut konkurranse, leverandør vart valt, men det kom inn klage. Det vart ikkje inngått avtale med leverandør.

¹³ Frå anskaffelsesprotokoll

¹⁴ LOP1 - Prosjektrapport Legemiddelhandling og pasientsikkerhet (LOP), udaterd
LOP2 - legemiddelhåndtering og pasientsikkerhet, v. 20091130

LOP3. Delprosjektrapport 2010, legemiddelforsyning basert på distribusjon til og oppbevaring av legemidler i elektroniske legemiddelkabinett (ELK), versjon 1.0, 31.1.2011

¹⁵ LOP – Legemiddel og pasientsikkerhet. Versjon 1.01 av 14.7.2011.

¹⁶ Versjon 1.1 av 10.12.2013.

analysar ligg og i direktivet, samt budsjett. Det ligg og føre ein plan for handtering av verksemdarkitektur, med mellom anna:

- Utarbeiding av no-situasjon og målbilete
- Utvikle og forvalte oversyn knytt til einskilde tilbydarar sine løysingsforslag
- Deltaking i prosessane for anskaffing

Konkret opp imot ein kontraktsstrategi, i forkant av prosjektdirektivet, observerer internrevisjonen vidare at det er gjennomført ein eigen marknadsanalyse og tilhøyrande anskaffingsstrategi med tilråding om bruk av konkurransepreget dialog for anskaffinga. I denne analysen inngår:

- Funn i marknadsanalysen med betyding for form for anskaffing
- Aktuelle former for anskaffing/konkurranse
- Juridiske vurderinger
- Gjennomføring av anskaffing og styringsmoglegheiter i prosessen
- Vurderingar og tilråding

I tillegg vart og anskaffingsform og kontraktstilhøve med tilråding vurdert i vedlegg til delprosjektrapport for elektronisk legemiddelkabinett¹⁷.

I vurderingane av kva som var beste form for konkurranseform, går det fram at prosjektet har vore bevisst på at valt form for konkurranse reint faktisk innebar at kva løysingskomponentar ein skulle anskaffe og i kva omfang, ville bli tydeleggjort underveis i dialogfasen/fasen for anskaffing på eit seint tidspunkt i sjølve anskaffinga. Dette då i motsetning til kva som ville ha vore tilfelle med ein anskaffing etter anna konkurranseform, til dømes konkurranse med forhandling. Frå sluttrapporten for prosjektet heiter det at "... metodikken ved bruk av konkurransepreget dialog har gitt prosjektet bedre resultat enn forventet, og konkurranseformen har hatt en positiv innvirkning på deltakernes opplevelse av involvering og læring."

Valt konkurranseform la og opp til at ein ikkje skulle teste anskaffa komponentar før val av leverandør. Vi observerer at det i prosjektdokumentasjonen var tatt omsyn til at testinga skulle bli gjennomført i innføringsfasen.

I perioden frå leveringsfrist for tilbod til kontraktssignering, mai til november, vart det gjennomført debriefmøter med leverandørar, prosjektevaluering og overlevering til innføringsprosjektet. Det er opplyst at det ikkje skjedde endringar i krav til leveranse i perioden mellom tilbodsfrist og signeringsdato.

Rein prosessuelt har Kuleprosjektet vore gjennomført i høve til den overordna og planlagde tids- og aktivitetsplanen og ein har ifølgje sluttrapporten¹⁸ levert i høve til milepælsplan.

¹⁷ Av 31.01.2011

¹⁸ Sluttrapport av 2.9.2014. Er utforma på bokmål, internrevisjonen har ikkje omsatt til nynorsk.

Kort oppsummering av observasjonar

Dette anskaffingsprosjektet har ifølgje Helse Vest IKT følgt Helse Vest sin etablerte prosjektmetode. Internrevisjonen observerer og at heilt sentrale element i konkurranse- og kontraktsstrategi er vurdert og teken omsyn til i prosjektdokumentasjonen.

2.3 Arbeid med gevinstar i IKT-anskaffingar

Nedanfor vert fakta knytt til arbeid med gevinstar presentert. Fyrst gjennom ei skildring av eksisterande rutinar, dernest ei skildring av brukarar sine generelle erfaringar og til slutt ei skildring av kva som vart gjort opp imot gevinstarbeid i to gjennomførte anskaffingar, Kule og Vel møtt.


Kva inneber så arbeid med gevinstar? Som skildra i vedlegg 4.3 (revisjonskriterium) kan ein skilje mellom det å planlegge for gevinstar og det å realisere gevinstar. Nedanfor er det fokus på planlegging av gevinstar. Dette heng saman med at internrevisjonen fokuserer på gjennomføring av anskaffingar. Sjølve realiseringa av gevinstar, vil som aller oftest inntrefte etter at anskaffinga er gjennomført.

Sentralt for planlegging av gevinstar er det å identifisere gevinstmogleheter, stille saman mogleheter opp imot behov hjå organisasjon og brukarar, beregne gevinststorleik, legge plan for korleis ein kan måle og henta ut gevinstane, dokumentasjon av gevinstarbeidet, identifisere kven som har ansvar for høvesvis gevinstplanarbeidet og gevinstrealiseringa, samt dokumentere planarbeidet.

2.3.1 Rutinar

For gjennomføring av IKT anskaffingar er det to sett av rutinar i Helse Vest som skal bli etterlevd. For det første ligg det rutinar for gevinstrealiseringssarbeid innbakt i porteføljestyrysprosessen og for det andre har Helse Vest eit eige rammeverk for gevinstplanlegging og realisering. Det er og opplyst frå RHF-et at ein i tillegg nyttar Prosjektveiviseren og nasjonal rettleiar for gevinstrealisering.

Av eige rammeverk går det fram at mange aktørar skal bli involvert i gevinstarbeid og dei ulike aktørane sine roller er illustrert slik:



Rammeverket er knytt til porteføljestyringsprosessen i Helse Vest og det poengterast at "arbeidet med gevinst og nytteeffekter starter lenge før prosjektet eller programmet etableres – arbeidet med dette påbegynnes allerede i den første fasen der hvor linjen selv avgjør om de vil bruke ressurser på å utvikle en mulig ide til fullverdig prosjektkandidat - som så spilles inn for prioritering regionalt ...Gjennom de ulike beslutningspunktene B0 til B7 jobbes det kontinuerlig med å forbedre kost/nytteberegninger, og tilhørende gevinstrealiseringssplaner."

Etter rammeverket kviler det på prosjektleiar å sjå til at aktivitetar som skal føre til endring og gje gevinstar skal bli innarbeidd i prosjektet sine planar. I rammeverket vert det synt til at Helse Vest opererer med to typar gevinstar – budsjettmessig økonomisk gevinst og nytteeffektar. Allereie når prosjektkandidatar skal bli prioritert, vert det skilt mellom gevinsttypane og begge skal bli evaluert og scora. Vidare at økonomiske gevinstar skal bli innarbeida i budsjett, samt at dei gevinstane som ikkje lar seg summere opp også skal bli skildra.

Ser ein så til porteføljestyringsprosessen så vert rammeverket underbygd med krav i dei ulike styringsprosessane. Dette allereie frå fase ein, idéfasen, til gjennomføringsfasen. Det ligg krav til både aktivitetar, analysar og involvering av aktørar. Under forprosjekt er det eksplisitte krav til at det mellom anna skal utarbeidast eit veggkart og ein innførings-/migreringsplan, forbetre tidsplan, ressursestimering, kost/nytte-analyse og ein plan for gevinstrealisering.

Under program- og projektstyringa ligg det i eige rutinar at det er "... gevinstansvarlig i linjen som skal sørge for at gevinstar realiseres. Prosjekt/program kan, så lenge det eksisterer, være et verktøy for å sikre gjennomføring av gevinstrealiseringens aktivitetene. Planlegging av gevinstrealiseringen skal påbegynnes allerede ved utarbeidelse av Prosjektkandidat, der forventede og ønskede gevinstar kartlegges og defineres. Arbeidet med gevinstrealisering er en svært viktig oppgave som krever fokus og oppfølging, gjennom alle faser av et prosjekt/program."

Av prosesskildringa går det fram at det er prosjektleiar som skal utarbeide gevinstrealiseringssplan og vidare at det er gevinstansvarlig i linja som skal sørge for at gevinstar

realiserast og at prosjekt/program kan, så lenge det eksisterer, vere eit verktøy for å sikre gjennomføring av gevinstrealiseringaktivitetane.

Gevinstrealiseringssplan

Som skildra, skal det i samband med forprosjekt bli utarbeid ein gevinstrealiseringssplan. Ved avslutning av prosjekt skal styringsgruppa til prosjektet ta stilling til om prosjektet har levert avtalte shuttleveransar, irekna gevinstrealiseringssplan med dokumentasjon av målingar.

Korkje i porteføljeprosessen, inklusiv eigne rutinar, eller i rammeverket går det fram krav til kva som skal inngå i en gevinstrealiseringssplan. Dette ligg likevel i Prosjektveiviseren som er nytta metodikk i Helse Vest¹⁹. Som det der går fram, er det relativt omfattande dokumentasjon som skal inngå i ein plan, mellom anna:

Gevinstrealiseringssplanen er et ledelsesprodukt som definerer hvordan gevinster fra prosjektets produkter måles, når de er tenkt å oppnås samt roller og ansvar for tiltak som bidrar til å realisere gevinster... En gevinstrealiseringssplan bør inneholde:

- *Prosjektets begrunnelse, mål og hovedprodukter*
- *Hvem som er prosjektets gevinstansvarlige, og hva som ligger i dette ansvaret*
- *Oversikt over prosjektets gevinster*
 - *Budsjettmessig virkning i egen virksomhet*
 - *Alternativ anvendelse i virksomheten*
 - *Prissatte nyttevirkninger i øvrig offentlig sektor*
 - *Ikke-prissatte virkninger*
- *Tiltak og oppfølging*
 - *Gevinstrealiseringstiltak og risikoprofil*
 - *Oppfølging av ikke-prissatte virkninger iht nullpunktsmålinger*
- *Oppdatert gevinstkart*

Gevinstrealiseringssplanen må dekke de gevinstene som er forutsatt i prosjektbegrunnelsen. Det er viktig at de er målbare, enten kvalitativt eller kvantitativt, og at det er utført nullpunktsmålinger. Planen bør også omfatte kompetansekrav og hvilke ressurser som kreves for å utføre målingene, og det bør vurderes om kostnadene for målingene er akseptable i forhold til de forventede gevinstene.

Kort oppsummering av observasjonar

Internrevisjonen observerer, utan at vi her attgjev alle rutinar og krav, at gevinstplanarbeidet er svært samansett og omfattande. Utgangspunktet for ansvar og roller er skildra, og korleis ansvar og oppgåver skal bli tatt i vare ligg både i rammeverk og porteføljeprosess. Dette krev aktiv oppfølging. Det er så eit spørsmål om dette er lett tilgjengeleg og forståeleg for brukarar og interessentar. Vidare når det til dømes ikkje vert utarbeidd gevinstrealiseringssplan, kan ein stille spørsmål om gevinstarbeidet vert amputert i fasen for innføring som ein konsekvens av manglande plan. Dette vert vurdert nærare i kapittel 3.

¹⁹ Jfr. vedlegg, revisjonskriterier, for heilskapleg omtale av gevinstplan

Programfokus på gevinstarbeid

I rammeverket for gevinstplanlegging og realisering er det definert 10 føresetnadar for å kunne lukkast med gevinstarbeidet, samt at det er linja ved programstyret som avgjer samla gevinstplan for eit program, både budsjettmessig økonomisk gevinst og nytteeffektar. Vidare at det er lokal styringsgruppe som er ansvarleg for å bryte ned gevinstane frå initiell kost-nyttebereking ned til ein konkret gevinstrealiseringsplan for eige føretak.

Dette inneber at ein innafor eit program søker å sjå samla på gevinstar. Ein kan og sjå for seg at gevinstarbeid vert vurdert på tvers av program og funksjonar. Dette vert noko nærmare vurdert i kapittel 3.

2.3.2 Arbeidet med gevinstar - erfaringar og synspunkt

Helse Vest IKT har ei klar oppfatning av at ansvaret for gevinstrealisering ligg på verksemdsida; "*gevinstarbeidet må ligge i linja og ikkje i det einskilde prosjekt*". Ein held og fram at det er ei erfaring at ein ofte bommar på tidspunkt for gevinstar, ein trur at gevinstar skal slå til tidlegare enn det dei faktisk kan gjere/gjer.

Helse Stavanger opplever at arbeidet med gevinstar ofte kjem veldig seint inn i prosjekta, samt at gevinstrealisering bør sjåast i eit regional perspektiv – det handlar om å dele på tvers. Ein kunne til dømes ha sett nytte av ei regional referansegruppe.

Helse Bergen HF erfarer at ein må satse meir på gevinstrealisering når ein skal gjere prosessendringar i samband med innføring.

Når det gjeld dei ulike programområda, vert det opplyst om frå Helse Vest RHF at det er peika ut eigne gevinstansvarlege for kvart område, i tillegg til ein ressurs som har ansvar for å koordinere arbeidet.

I praksis har ein erfart utfordringar i høve til å hente inn folk frå linja og å halde på dei. Til dømes har det på to år vore 21 personar inne i gevinstrealiseringsarbeidet i Alle møter. Dei har fått opplæring og så har dei forsvunne ut.

2.3.3 Gjennomførte konkurransar – arbeid med gevinstar

Nedanfor vert to anskaffingar kort skildra opp imot elementa for arbeid med gevinstar:

1. Kule, del av HELIKS-programmet.
2. Vel møtt, del av Alle møter-programmet.

Kuleprosjektet er kort skildra ovanfor.


Kule - gevinstarbeid

Som skildra inneber arbeid med planlegging av gevinstar å identifisere gevinstmoglegheiter, stille saman moglegheiter opp imot behov hjå organisasjon og brukarar, berekne gevinststorleik, legge plan for korleis ein kan måle og henta ut gevinstane, dokumentasjon av gevinstarbeidet,

identifisere kven som har ansvar for høvesvis gevinstplanarbeidet og gevinstrealiseringa, samt dokumentere planarbeidet. Dette skal bli samanstilt i ein gevinstrealiseringssplan.

I Kuleprosjektet vart det ikkje utarbeidd ein gevinstrealiseringssplan, ei heller vart det gjennomført nulpunktsmålingar under sjølve anskaffinga²⁰.

I delprosjektrapport (LOP2), i forkant av forprosjekt, er det gjennomført kost-nytte vurderingar, både av kvantitativ og kvalitativ art. I forprosjektet (LOP4) er det utarbeidd vegkart for gevinstar og nytteeffektar og det er gjennomført kost-nytte vurderingar, både kvantitative og kvalitative.



I prosjektdirektivet er "kost/nytte" – gevinstrealiseringssplan" eit eiga kapittel utan at ein plan er teken inn. Det er i kapittelet skildra at "*nytteverdien skal skapes gjennom realisering av de løsninger som anskaffes*". Vidare går fram at "*gjennom anskaffelseskonkurransen vil LOP fremlegge kost/nytte analyser før utarbeidelse av endelig kravspesifikasjon og før beslutning om valg av leverandør og løsninger.*"

Etter gjennomgang av prosjektdokumentasjonen ser internrevisjonen at det under sjølve anskaffinga ikkje er utarbeidd ein plan for korleis ein skal hente gevinstar / gevinstrealiseringstiltak og ynskt risikoprofil, korleis ein skal følgje opp ikkje-prissette verknader, samt rutine eller plan for korleis og når vegkartet skal bli oppdatert. Vi observerer og

²⁰ Det vert opplyst at dette er gjort i fasen for innføring av prosjektet.

at det ikkje vart inngått avtaler / forpliktingar med linjeleiing knytt til kva, korleis og i kva omfang gevinstar skal hentast²¹.

Helse Vest IKT opplyser at ansvarleg for kost-nytte-analysane satt i prosjektleiinga og at leiinga satt i hyppige møter og arbeida saman om framdrift på dei ulike områda. Vidare at det ikkje var noko formalisert skriftleg rapportering frå det einskilde medlem av prosjektleiinga til prosjektleiar.

Til styringsgruppemøte i mars 2014 – to månader før frist for tilbod - er det i vedlegg til sak "Innstilling kurve/legemiddellogistikk" utarbeida vedlegg for kost-nytte analyse. I vedlegget er det gjort analysar knytt til kvantitativ nytte og funksjonar i Kule som skal kunne mogeleggjere kvalitative gevinstar.

I sluttrapporten til styringsgruppa av 2.9.14 heiter det at "*anskaffelsesprosjektet konkluderte i kost/nytteanalysen med at innføring av løsninger for kurve og legemiddellogistikk har stor kvalitativ nytte, en positiv nåverdi og akseptabel risiko.*"

Samstundes observerar internrevisjonen som skildra at det ikkje vart laga ein plan for mellom anna korleis ein skal hente gevinstar / gevinstrealiseringstiltak og ynskt risikoprofil, samt korleis ein skulle følgje opp ikkje-prissette verknader. Det kan soleis vere eit spørsmål om identifiserte nytteverdiar var tilstrekkelig realitetsorientert, noko som kan virke inn på korleis anskaffa løysing vert motteke i helseforetaka.

Kule som del av Heliksprogrammet

Kule er del av Heliks programmet. I styresak²² til Helse Vest IKT 2017 går fram at HELIKS har fått i oppdrag å lage felles gevinstplan for alle prosjekt i programmet og at det er denne som skal ligge til grunn for gevinstarbeidet i føretaka / Helse Vest IKT. Det heiter vidare i saka at det no er det eit stort fokus på å få til naudsynte endringar i organisasjonane slik at gevinstane av prosjekta i HELIKS kan bli realisert. Vidare går fram at per november 2017 så er det potensielle gevinstar for Kule/Meona og Digitalt mediearkiv som ligg i gevinstplanen:

²¹ Det vert opplyst at plan for gevinstar og gevinstrealiseringstiltak vart utarbeidd i fasen for innføring av prosjektet. I denne fasen vart det og i nokre tilfelle også inngått avtalar/forpliktingar med linjeleiing.


²² 68/17 O - Helse Vest IKT

Status gevinstarbeid for prosjekt i program HELIKS

| Prosjekt | Status gevinstarbeid | Til i HF |
|------------------------------|---|---------------------------------|
| KULE - Meona | Potensielle gevinstarbeid kartlagt Arbeidet med indikatorer pågår | Fra nov.-17 |
| DMA – Digitalt mediearkiv | Potensielle gevinstarbeid kartlagt Arbeidet med indikatorer pågår | Fra nov.-17 |
| ODA – DIPS Arena | Begynne kartlegging av potensielle gevinstarbeid ved gjennomgang (verifisering) av versjon 17.1 (pågår) | Planl. utrulling Q2- 2019 |
| FERD – Felles radiologi | Gjennomført første work shop for kartlegging av potensielle gevinstarbeid. Videre kartlegging når systemet er klart for gjennomgang/test | HFØ 2018 Andre 2019 |
| Felles EKG | Potensielle gevinstarbeid kartlagt – oversikt over disse blir overlevert til forvaltning i HFene sammen med øvrig dokumentasjon | Overlevering des-17 |

Kort om Vel møtt

Vel møtt prosjektet har anskaffa løysingselement for fem prosessar før, undervegs og etter sjukehuskonsultasjon:



Løysingelementa dekkjer både poliklinikk, dagbehandling, dagkirurgi og sengepost.

Kontrakt for Vel møtt vart inngått og signert 28.6.17 og 27.9.17. Leveringsfrist for tilbod var 17.2.17. Konkuransen vart gjennomført som konkurranse med forhandling.

Frå prosjektleiinga vert oppdaterte kostnadalar, etter tildeling, opplyst å vere:

- Prosjektkandidat: 78 MNOK (ekskl. brukarstøtte og endringar)
- Resultat: 95 MNOK (lisens, implementeringsstøtte og 5 års drift og vedlikehald, inkl. brukarstøtte og endringar).

Prosjektet byggjer på forstudie og to prosjektkandidatar frå Helse Bergen HF, og vart etablert våren 2016. Kartlegging og analyse vart gjennomført vår – haust 2016 og innføring av løysingar vart sett i verk frå september 2017. I høve til strategi for anskaffinga, opplyser prosjektleiinga at det har vore gjennomført utarbeidning av konkurransegrunnlag, evalueringar, forhandlingar og tildeling. Det har vore involvering av føretaka underveis. Forhandlingane vart leia av administrerande direktør i Helse Vest IKT og direktør for medarbeidar, organisasjon og teknologi i Helse Vest RHF.

I sluttrapporten frå prosjektet vert det oppsummert at prosjektet har vore svært vellukka og at ein har "... oppnådd betydelige besparelser og forbedringer gjennom bruk av konkurranse med forhandlingar". Det går vidare fram at ein har oppnådd gode resultat som følgje av god konkurranse på alle delområde for anskaffingar, samt at ein har hatt sterk intern kompetanse (anskaffing, IKT og prosjektleiing).

Gevinstarbeid

I Vel møtt vart det ikkje utarbeidd ein gevinstrealiseringssplan. I rapport frå idéfasen²³ er overordna mål for anskaffinga skildra. Her vert moglege tiltak innanfor dagbehandling og poliklinikk identifisert og vurdert opp i mot nytteeffekt og risiko.

Mål og omfang av anskaffinga går fram av skildring av prosjektkandidaten²⁴. Her er det gjort vurderingar av nytteeffektar for pasient og føretak²⁵.

Vi observerer at det er utarbeidd kost-nytte vurderingar i Vel møtt. Vidare at desse ikkje er brotne ned i indikatorar og målbare effektar. Dette gjeld både økonomiske og ikkje-økonomiske gevinstar.

Økonomiske nytteeffektar er også skildra i prosjektkandidaten, medrekna anslag på noverdi, samt anslag på moglege og realiserbare gevinstar/nytteeffektar²⁶. Gjennomgangen av dokumentasjon syner også at nytteeffektar er identifisert frå idéfasen. Desse er og fornya underveis, men utan at dei har vore konkretisert i ein plan for når og korleis dei skal bli realiserte.

Dette vert og stadfesta i intervju med Helse Vest RHF der ein opplyser om at ein i prosjektet ikkje har utarbeidd ein gevinstrealiseringssplan, men at ein har utarbeidd kost-nytte vurderingar. Ein kan så stille spørsmål til kvifor ein ikkje har utarbeid plan i høve til rutinar og vidare kva konsekvensar dette kan ha. Ein årsak som det vert synt til er at ressursbruken ikkje ville stå i stil til kva ein ville få tilbake. Dette vert nærmare vurdert i kapittel 3.

I høve til rapportering underveis i anskaffinga når det gjeld arbeid med gevinstrealisering og gevinstplanar, vert det frå Helse Vest IKT opplyst om at ein i prosjektet hadde fast rutine på rapportering med månadlege rapportar via programmet til porteføljestyret. I dei månadlege rapportane vart det rapportert på faste parametrar som til dømes tid, kost, kvalitet og risiko. Gjennom anskaffinga var rapporteringa noko avgrensa på grunn av omsynet til konfidensialitet.

²³ Rapport fra Idéfasen, 23.06.2015. Helse Bergen HF.

²⁴ 4.11.2016.

²⁵ Sjå vedlegg 4 for døme på korleis dette er vurdert/skildra

²⁶ Sjå vedlegg 4 for talltesting av desse

Det vert vidare opplyst om at "nytte" var eit av punkta for status, men at det ikkje blei rapportert endringar på dette punktet undervegs i anskaffinga.

I tillegg vert det opplyst om at ein har hatt statusmøter med lokale prosjektleiarar, saman med dei andre prosjekta i Alle møter. Med jamne mellomrom har det og vore statusmøter med programleiinga.

Frå august 2015 har Alle møter-programmet hatt ein dedikert ressurs som har hatt gevinstrealisering som hovudansvar.

Vel møtt som del av og Alle møter programmet

Vel møtt er del av Alle møter programmet. Frå Helse Vest RHF vert det opplyst om at ein no, frå programsida, tek tak i dei einskilde prosjekta og at ein utarbeidar ein kost-nytteplan på programnivå. Denne vil vere grunnlaget for arbeidet med gevinstrealisering vidare, medrekna tillaging av ein gevinstrealiseringsplan. Per i dag observerer internrevisjonen at det som er utarbeidd i programmet er eit dashboard som rapporterer på indikatorar hjå helseføretaka.

I styresak²⁷ til Helse Vest IKT 2017 går det fram at Alle møter frå etablering av programmet har jobba med å hente ut og synleggjera nytta av prosjekta. Frå august 2015 har programmet hatt ein dedikert ressurs som har hatt gevinstrealisering som hovudansvar. Ressursen har støtta både dei regionale prosjektleiarane for det tekniske i prosjekta, og føretaka sine prosjektleiarar med mellom anna kost-nytte analysar og kompetanseheving på området. Ressursen har ikkje vore del av / vore involvert i prosessen for anskaffing av Vel møtt.

Alle møter utarbeida i 2016 og 2017 ein gevinstrapport til porteføljestyret, *rapportering av økonomiske gevinstar 2017*²⁸. I rapporten gjevast det rapportering på KPI-ar knytt opp til føretaka sine styringsdata og til område som er vurderte til å gje dei største gevinstane for desse. Berekna gevinstar er rekna frå 31.12.16 og ikkje frå prosjekta sine oppstartspunkt²⁹.

Felles for begge prosjekta – kort oppsummering av observasjonar

Både for Kule og Vel møtt observerer vi at det er gjennomført aktivitetar og analysar opp imot gevinst og gevinstplanlegging. Samstundes ser vi at arbeidet med planlegging av gevinstar er koment seint i gong sett i høve til eigne rutinar og at rutinane ikkje er etterlevd når det gjeld gevinstrealiseringsplan.

Ein kan så stille seg spørsmålet kva det inneber at ein er koment seint i gong, mellom anna med at det ikkje er laga til gevinstrealiseringsplanar med påkravd innhald. Vidare i kva grad dette kan ha uønskte konsekvensar, til dømes i høve til korleis anskaffa løysing vert motteke. Ein kan også stille spørsmålet om kvifor ein ikkje har følgt eigne rutinar. Dette vert nærmare vurdert i kapittel 3.

²⁷ 68/17 O - Helse Vest IKT

²⁸ Notat til porteføljekontoret Helse Vest av 13.3.17

²⁹ Døme på KPI-ar er tatt inn i vedlegg 4

2.4 Handtering av risiko knytt til misleghald

Nedanfor vert fakta knytt til system for å identifisere og handtere risiko knytt til misleghald³⁰ presentert. Fyrst gjennom ei skildring av eksisterande rutinar og vurderingar hjå Helse Vest, dernest ei skildring av kva som vart gjort i ein gjennomført anskaffing, Kule.

Kva inneber så risiko knytt til misleghald? I denne internrevisjonen har det vore fokus på risikoanalysar, habilitet, bakgrunnsjekk av tilbydarar og førebygging opp mot korruptsjonsrisiko.

2.4.1 Rutinar

I høve til rolle og ansvar for å identifisere og handtere risiko knytt til misleghald, vert det i intervju med Helse Vest RHF synt til at dette er eit tredelt ansvar. Ein har eit nasjonalt innkjøpssenter, investeringsmidlar ligg hjå Helse Vest IKT og verksemdeiarar har alle eit ansvar for fellesskapen. Det føreligg ikkje eksplisitt nedteikna rutinar, men ansvaret følgjer av eit systemansvar.

Styret i Helse Vest RHF handsama i mai 2018 sak om oppstart av arbeid med eit antikorruptsjonsprogram. Gjennom dette vil ein etablere eit rammeverk for antikorrupsjon for føretaksgruppa i Helse Vest.

I høve til rutinar for å førebygge habilitetskonfliktar og eventuell rolleblanding i prosessane for anskaffingar, vert det opplyst:

«Vi er i en region hvor mange har flere hatter i linjen, virksomhet, region, nasjonalt. Vi har nok ikke eksplisitte og nedfelte rutiner, men det blir gjort avsjekker i enkeltilfeller, men det er ikke utviklet noe generisk på dette området.»

Det er opplyst å ikkje vere kultur eller systematikk for å gjennomføre stikkprøvar. Ein forsøker å vere observant og avdekke eventuelle ting i forkant. Dette vert vurdert til å vere ein potensiell veikskap og at ein har "noko å gå på" i høve til revisjon og kontroll av prosessar. Ein har til no hatt eit stort fokus på å etablere prosess og rutinar.

Eventuelle bakgrunnsjekkar av tilbydarar vert opplyst å ligge til sjølve forløpet for anskaffing. Det er ikkje lagt fram rutinar for dette.

Summert opp så ser vi at det for anskaffingsprosjekt ikkje er formaliserte rutinar for å identifisere og handtere risiko knytt til misleghald.

2.4.2 Gjennomført konkurranse – handtering av risiko for misleghald

Nedanfor vert ein anskaffingar kort skildra opp i mot handtering av risiko for misleghald, Kule.

Helse Vest IKT opplyser om at ein for anskaffinga har følgt etablert prosjektmetode og gjennomført innleiande risikovurdering og rapportert på risiko i statusrapportar til

³⁰ Misleghald her forstått som unnlating av å oppfylle ei forplikting i høve kontrakt eller regelverk

styringsgruppa. I statusrapportane vart det rapportert på dei same risikoane. Det vart rapportert opp imot 1) risikoreduserande tiltak, 2) førre status og 3) noverande status for risiko.

I prosjektdirektiv og forprosjekt ligg risikoanalysar. Det er analysar av prosjektet sine avhengigheter og behov for samhandling til andre regionale prosjekt, samt analysar knytt til usikkerheit og risikoelement i høve til mellom anna budsjett, tilgang på kompetanse og tilgang på heilskaplige løysingar som kan innfri mål og forventning.

Det er innhenta signerte skjema frå involverte i prosjektet knytt til habilitet og teieplikt. I samband med kvalifisering til konkuransen, vart fire leverandørar avvist. Frå leverandørane var det krav om dokumentasjon/erklæring knytt til mellom anna:

- Skatt og mva
- Samsvar med norske reglar for løn- og arbeidsvilkår
- Lovleg etablert firma
- Finansiell og organisatorisk kapasitet til å levere på kontrakt, inklusiv eventuelle underleverandørar
- Erfaring frå leveransar av tilsvarende produkt

3 VURDERINGER OG TILRÅDINGAR

Denne internrevisjonen har fokus på kva prosessar Helse Vest har etablert for å sikre gode anskaffingar av IKT-system. Føremålet er operasjonalisert i høve til å vurdere strategiar og metodar for å inngå kontraktar på IKT-området, undersøkje i kva grad helseføretaka vurderer og realiserer potensialet for gevinstar, samt kartleggje kva system Helse Vest har for å identifisere og handtere risiko knytt til misleghald.

Kva som er gode prosessar og strategiar for å gjennomføre IKT anskaffingar vil kunne variere ut ifrå fleire faktorar, til dømes leverandørmarknad, identifisering av reelt behov hjå mottakarar, klare roller og ansvar i prosjekt og i høve til verksemndene. Korleis ein i Helse Vest handterer desse faktorane gjennom bevisste konkurranse- og kontraktsstrategiar er det som primært vert vurdert nedanfor, saman med korleis ein jobbar med gevinstar.

3.1 Konkurranse- og kontraktsstrategi

Under dette temaet stilte internrevisjonen følgjande spørsmål:

- Korleis gjennomfører Helse Vest sine IKT anskaffingar sett opp mot interne retningsliner og offentlege krav?

Rutinar

Porteføljestyrysprosessen slik den er skildra og teikna står etter vår vurdering fram som god. Den har prosessar for alle sentrale aktivitetar og innhald slik som tilrådd i god praksis. Det er også vår vurdering at prosessen gjev rom for ulike former for anskaffing og ulike konkurranse- og kontraktsstrategiar som er tilpassa det behovet som skal dekkast gjennom anskaffing og det som måtte vere leverandørmarknaden for dette.

Ser ein til gevinstrealisering, er arbeidet i høve dette innbakt som del av porteføljestyrysprosessen. Det er også i tråd med god praksis.

Det er samstundes vår vurdering at det er noko rom for forbetrинг i rutinane til porteføljestyrysprosessen. Som observert under fakta så ligg det krav til risiko og kost-nytte analysar. Vi finn ikkje spesifikke krav/rutinar til kontinuerlege analysar, ei heller korleis desse skal bli gjennomført. Etter vår vurdering vil det være tenleg med ei tydeliggjering av dette i rutinane.

Når det gjeld korleis risiko skal handterast, vil det etter vår vurdering vere tenleg med ei tydeliggjering av krav til at oppdaterte kost-nytte vurderingar skal bli gjennomført på gitte tidspunkt i eit anskaffingsprosjekt. Dette kan bli lagt inn som eit krav til kvar fase i porteføljeprosessen, men etter vår vurdering kan det bli for omfattande. Etter vår vurdering kan eit slikt eksplisitt krav bli teken inn i etterkant av forprosjekt og før gjennomføring av sjølve anskaffinga.

Eit slikt krav bør nedfelle at det er vesentleg å vurdere heilskapleg rundt risiko og kost-nytte. Dette er særleg viktig der prosess for anskaffingsprosjektet går over tid, noko som krev

vurderingar til endra bilete for risiko og kost-nytte; mellom anna i høve til teknologi, prosess, leverandørkapasitet, behovsutvikling og mogleigheter/endringar for identifiserte gevinstar. Det krev samansett kompetanse for å kunne gjennomføre realistiske vurderingar og vi vurderer det som fordelaktig at porteføljeprosessen tydeleggjer ansvaret for heilskaplege risiko og kost-nytte vurderingar. I dette ligg at ein må kople risiko og kost-nytte analyse. Det sentrale spørsmål vil vere å identifisere risikoane for at ein ikkje kan hente ut nytte til berekna kost og korleis kan ein redusere risikoane.

I ein konkurranse- og kontraktsstrategi inngår plan for korleis eit anskaffingsprosjekt skal bli organisert. Som påpeikt fleire gonger i revisjonen, går ofte IKT-anskaffingar over lang tid. I denne perioden kan behov bli endra og mogleigheter for korleis behov kan dekkast via IKT kan bli endra fort. Det er og ei utfordring knytt til graden av ferdigstilling av kjøpt produkt. Ein vil og kunne oppleve at det er feil, manglar og endringar i tilbodne produkt.

Undervegs i denne prosessen vil vi streke under at det er vesentleg at anskaffinga blir vurdert opp imot korleis og i kva grad behovet vert dekka og om dette står i samsvar med investeringa sitt omfang. Sentrale element for vurdering vil også her, som for risiko, vere mellom anna endring og utvikling innafor teknologi, prosess, leverandørkapasitet, behovsutvikling og korleis ein kan spesifisere behov i ein kravspesifikasjon. For å kunne handtere dette, er det viktig at prinsippa for prosjektstyringa vert følgt, inklusive det at styringsgruppe og programstyre vert fortlauande orientert om eventuelle endringar i behov, risiko og føresetnadar for strategi hjå prosjektet, og at ein i prosjektet er samstemt i kva risiko ein vil/kan ta inn mot ein leverandørmarknad. Etter vår vurdering har ein gjennom rutinane for prosjektstyring eit godt fundament for å kunne handtere dette. Det er soleis viktig at ein etterlev rutinane.

Når det gjeld kontraktstform, har ikkje porteføljestyringsprosessen eksplisitte krav knytt til kva type kontrakt som skal nyttast i anskaffingar. Det er praksis for at Helse Vest IKT nyttar SSA. Gjennom intervju er det synt til eit ynskje om å vurdere avtaleform, saman med Sykehusinnkjøp og Difi. Etter vår vurdering kan det vere fornuftig at ein vurderer avtaleform. I ei slik vurdering bør ein og kunne kartlegge ulike mogleigheter for å avtale pris/honorar, samt ta omsyn til i kva grad rettspraksis knytt til SSA vil kunne gjelde andre avtalar.

Praksis frå gjennomført prosjekt

I Kule-prosjektet har ein i 2012 gjennomført ei eiga marknadsanalyse, inkludert anskaffingsstrategi, noko som vi vurderer som positivt i høve til å kunne velje best mogleg konkurranse- og kontraktsstrategi.

Vi ser vidare at ein gjennom prosjektdirektivet frå 2013 har lagt grunnen for ei gjennomføring i tråd med sentrale element i porteføljestyringsprosessen, medrekna og korleis ein vil handtere sentrale element i ein konkurranse- og kontraktsstrategi, til dømes usikkerheitsstrategi, kvalitetsstrategi, prosjektorganisasjon og prosjektgjennomføring. Dette er positivt.

Anskaffinga er gjennomført som konkurranseprega dialog, noko som inneber at løysningskomponentar kjem fram undervegs i konkursansen. Etter vår vurdering kan dette vere ein god strategi for anskaffing, mellom anna ved at ein får eit fokus i dialogen med leverandører på korleis dei kan dekkje eit behov hjå Helse Vest. Samstundes er det viktig at ein i ei slik

konkurranseform har ei klar oppfatning og semje av korleis ein skal handtere usikkerheit og endringar. Dette er etter vår vurdering gjort i dette prosjektet.

Oppsummert finn vi at Kuleprosjektet i det vesentlege har etterlevd eigne rutinar knytt til konkurranse- og kontraktsstrategi. Vi vurderer og at Helse Vest har gode rutinar for å kunne gjennomføre IKT anskaffingar med tilpassa konkurranse- og kontraktsstrategi.

3.2 Gevinstarbeid

Under dette temaet stilte internrevisjonen følgjande spørsmål:

- Korleis vurderer og realiserer Helse Vest potensialet for gevinstar av sine IKT-anskaffingar?

Ser ein til rutinar for arbeid med planlegging av gevinstar og gevinstrealisering, er desse innbakt som del av porteføljeprosessen. Dette er positivt og i tråd med god praksis.

Det er samstundes vår vurdering at det er rom for forbetring i rutinane. Som observert er dei samla rutinane omfattande; dei ligg både i porteføljestyringsprosessen, i eige rammeverk for gevinstarbeid, samt at ein skal forhalde seg til retteleiarar for både prosjektstyring og gevinstrealiseringssarbeid. Etter vårt syn er det ikkje ei utfordring at rutinane er mangelfulle, snarare at dei er svært omfattande.

Etter rutinegjennomgang, finn vi at ansvaret for gevinstrealisering ligg i linja ved linjeleiarar i føretaksgruppa. Frå Helse Vest IKT – som "køyrer" anskaffingsprosessen og som har ansvar for at avtalar vert signert - er det og ei klar oppfatning av at gevinstarbeidet må ligge i linja, ikkje i prosjektet. Dette følger i utgangspunktet av rutinane i porteføljeprosessen.

I rutinane ligg det samstundes eit relativt omfattande samspel mellom gevinsteigar regionalt og lokalt og det ligg krav til at det frå forprosjektet skal ligge føre ein gevinstrealiseringsplan. Dette inneber at gevinstarbeidet går føre på fleire plan, både i linja, i prosjekt og i program. Vidare at planen – i gjennomføringsfasen - skal ha/bli oppdatert med dokumentasjon av målingar og oppdatering av gevinstar, i tillegg til at det kontinuerlig skal bli jobba med forbetring av kostnytte.

Etter vår vurdering vil det kunne vere ei utfordring i å få oversyn og forstå korleis ansvaret for høvesvis prosjekt og linje reint praktisk skal bli tatt i vare og materialiserast. Vi vurderer at det ikkje er lett å plassere einskildoppgåver / einskildansvar på person eller funksjon. Til dømes går det fram av porteføljeprosessen at det er prosjektleiar som skal utarbeide gevinstrealiseringsplan, medan rammeverket for gevinstplanlegging legg ansvar for å utarbeide gevinstrealiseringsplan på lokal styringsgruppe.

Etter vår vurdering bør rutinane for gevinstarbeidet i anskaffingsfasane klargjerast og i dette ligg og at porteføljestyringa sine rutinar bør harmoniserast med rammeverket for gevinstplanlegging

Forenkling

Som skildra er porteføljeprosessen slik den er teikna og skildra god, heri at arbeidet med gevinstrealisering er innarbeid. Denne gjev eit grunnlag for gjennomføring av IKT anskaffingar på ein god måte. Gjennom to undersøkte anskaffingar observerer vi likevel at etterlevinga av porteføljeprosessen ikkje er tilfredstillande når det gjeld arbeidet med gevinstrealisering.

Som observert er arbeidet med gevinstar komen for seint i gong i dei undersøkte prosjekta, sjå nærrare omtale nedanfor. Reelt sett vil gevinstar kunne hentast under og etter innføring av system, men arbeidet med gevinstane, med utvikling av gevinstrealiseringssplan, skal ifølgje eigne rutinar og god praksis starte opp allereie i innleidande fasar av anskaffingsprosjektet.

Ein kan og spørje seg: Kvifor vert ikkje arbeidet gjennomført i høve til rutinar? Ei tilbakemelding er at ressursinnsatsen ikkje står i stil med nytten ein ville få, mellom anna ved at det ikkje ligg føre eit enkelt verktøy.

Etterleving av eigne rutinar for arbeid med gevinstar og gevinstrealiseringssplan vil vere tid- og ressurskrevjande i dei einskilde anskaffingane. Dette inneber å løfte kost-nytte analysar over i ein plan som mellom anna skal skildre korleis gevinstar skal bli målt, kvantitative og kvalitative nytteverknader, gevinstkart, risikoprofil og gevinstrealiseringstiltak, når og korleis gevinstar skal inntrefje, ansvar for gevinstar og kva som ligg i ansvaret, samt gjennomføring av nullpunktsmålingar.

Etter vår vurdering bør ein utvikle ein gevinstrealiseringssplan. Dersom ein ikkje gjer det, vil ein kunne oppleve vanskar med å hente ut gevinstar under og etter innføring. Samstundes er det eit spørsmål om den einskilde anskaffing i prosessane fram til sjølve anskaffinga er gjennomført, alltid er tent med å skulle utarbeide og oppdatere ein gevinstrealiseringssplan i full skala. Vi vurderer at det kan vere tenlig at omfanget og innrettinga av gevinstplanarbeid i anskaffingsprosessen, bør bli vurdert særskilt i samband med forprosjektplanen, irekna kva krav, innhald og modell ein skal nytte for utarbeiding og oppdatering av gevinstrealiseringssplan. Med andre ord vil ein kunne skalere gevinstarbeidet i høve til den einskilde anskaffinga sitt behov. Ei slik vurdering knytt til skalering vil og vere i tråd med DFØ rettleiar for gevinstrealisering.

Regionalt fokus på gevinstar

Som observert er det etablert gevinstfokus per program innanfor IKT anskaffingar. Det å ha heilskapleg gevinstfokus per program er etter vår vurdering fornuftig, samtidig som det set krav til kapasitet, kompetanse og koordinering på tvers av driftslinjer, helseføretak og prosjekt. Det jobbast og med gevinstrealisering på andre områder i regionen, til dømes innanfor bygg og medisinsk teknisk utstyr. Ideelt sett ville helseregionen kunne ha eit regionalt fokus på gevinstrealisering. Både i høve til 1) utveksla erfaring, malverk, prosessar mv. på tvers av fagfelt og 2) ei samla rapportering, oppfølging og læring.

Eit slikt fokus kunne ha vore understøtta av ei regional, uhilda og kompetansemessig sett breitt samansett referansegruppe med rådgjevande funksjon.

Gevinstarbeid i Kule

Når det gjeld arbeid med gevinstrealisering i Kuleprosjektet, er det ikkje utarbeidd ein eigen gevinstrealiseringsplan og det er heller ikkje dokumentert nullpunktsmålingar i/for prosjektet under sjølve anskaffinga. Dette er ikkje i høve til god praksis eller porteføljeprosessen.

I høve til eigne rutinar skal det gjennom "*de ulike beslutningspunktene B0 til B7 jobbes kontinuerlig med å forbedre kost/nytteberegninger, og tilhørende gevinstrealiseringsplaner. Som prosjektleder må man derfor påse at aktiviteter som skal medføre endring og gi gevinst, innarbeides i prosjektets planer*". Etter vår vurdering har dette berre delvis blitt etterlevd fram til i dag.

Det har som skildra ovanfor, vore jobba med kost nytte vurderingar utan at desse er brotne ned i indikatorar og målbare effektar. I forprosjektet vart det utarbeidd eit vegkart. Dette er ikkje vidareutvikla og tatt inn i ein plan for korleis ein skal henta gevinstar / gevinstrealiseringstiltak og ynskt risikoprofil, korleis ein skal følgje opp ikkje-prissette verknader, samt rutine for korleis og når vegkartet skal bli oppdatert. Ut ifrå eigne rutinar og god praksis burde dette ha vore gjort.

Under prosess for anskaffing, er det ikkje inngått avtaler / forpliktingar med linjeleiing knytt til kva, korleis og i kva omfang gevinstar skal hentast. Dette kunne med fordel ha vore gjort etter vår vurdering.

Ein kan so spørje om dei observerte manglane i gevinstarbeidet har uheldige konsekvensar. Sett utifrå formålet med gevinstarbeid er det nærliggande å tru at gevinstrealiseringa vil bli forseinka. Det vil og vere vanskeligare å måle gevinsteffektar då ein ikkje har nullpunktsmålingar.

Det at ein ikkje har brote kost-nytte analyser ned i gevinstar og plan for realisering vil potensielt og kunne vere med på å påverke korleis ein vurderer dei ulike leverandørane sine tilbod/løysningars. I tillegg er det ein risiko ved at dei identifiserte nytteverdiar ikkje er tilstrekkelig realitetsorientert; dette vil kunne innverke på korleis anskaffa løysing vert motteke i helseføretaka.

I mangel av ein plan er det vidare eit spørsmål om ein har tilstrekkelig avklart kva strategi og risikotoleranse ein har for å kunne handtere usikkerheit i anskaffinga, til dømes i høve til tryggleik for at leverandør er i stand til å levere i tråd med krav og behov hjå helseføretaka. Det vil og vere vanskeligare å relatere tilbod direkte til ynskja og identifiserte effektar.

Gevinstarbeid i Vel møtt

I prosjektplanlegginga er det ikkje utarbeidd gevinstrealiseringsplan og det er heller ikkje dokumentert nullpunktsmålingar i/for prosjektet. Dette er ikkje i høve til god praksis eller porteføljeprosessen.

Det som er utarbeid i Vel møtt er kost-nytte vurderingar, utan at desse vart brotne ned i indikatorar og målbare effektar. Dette gjeld både økonomiske og ikkje-økonomiske gevinstar.

Gjennomgangen av dokumentasjon syner at nytteffektar er identifisert frå idéfasen. Desse er og fornya undervegs, men utan at dei har vore konkretisert i ein plan for når og korleis dei skal hentast ut.

Vel møtt inngår som del av Alle møter programmet. I programmet finn vi per i dag heller ikkje ein eksplisitt og heilskapleg plan for gevinstrealisering, sjølv om det er utarbeidd eit dashboard som rapporterer på indikatorar hjå helseføretaka.

